



KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

November 1979

33. årg.

Lys over grav

«Jesus lever, graven brast.
Han stod opp med guddomsvelde.
Trøsten står som klippen fast
At hans død og blod skal gjelde.
Lynet blinker, jorden bever,
Graven brast, og Jesus lever.»

Med få og malende ord har salmedikteren Brun gitt oss det budskap som kaster «lys over grav». Hvilket budskap er det? Det er ikke budskapet om de avdødes godhet. Vår egen godhet gir ikke noe håp om seier over døden, oppstandelse og evig liv. Det gode som vi har gjort i livet er menneskelig sett rosverdig og også Guds ord roser all godhet og kjærlighet bland mennesker. Men på dette grunnlag tennes ikke noe «lys over grav». Nei, det som tenner håpet og lyset for oss er Jesu Kristi oppstandelse fra de døde. Ved Jesus alene skal vi seire, i troen på den Kristus som er død og oppstanden for oss. En annen

salmedikter, Blix, har gitt gripende uttrykk for denne sannhet:

«Ljos yver grav som oss livsvona gav
Rann med Guds Son ifrå daude.
Solrenning klår som den venaste vår
Steig yver gravstader aude.
Ljoset og livet for alle mann
Strålande opp med vår Frelsar rann.»

Fra Jesu oppstandelse kastes lys ut over alle de gravsteder som ligger som dystre minnesmerker over liv som ikke er mer, de gravsteder som er tauke vitnesbyrd om forgjengeligheten og døden.

«Engelen kvad yver daudstille stad:
Krist er med siger oppstaden.»

Dette er det aller største som har skjedd i menneskehets historie: Jesus Kristus er oppstanden. Det overgår alt annet i betydning. Våre egne gjerninger kan bare føre oss frem til «syndens lønn» som er døden,

men Kristi gjerninger kan føre oss frem til oppstandelse og liv.

Napoleons seire har ikke noen betydning for oss, men Kristi oppstandelse har evig betydning. Dersom Kristus ikke var oppstanden, ville kristendommen forkynne en løgn. Paulus sier i sitt første brev til korintierne at han nettopp ikke vil forkynne noe bedrag, det er et troverdig ord han forkynner, han henviser til en hærskare av øyenvitner og av dem lever ennå mange 1. Kor. 15,7.

D. L.

Har du stoff for kyrkjelydbladet?

I siste nummer hadde vi ei fin helsing og eit fint bilet fra Straume søndagsskule. Er det fleire slike søndagsskular som ynskjer å få bilet på fyrste side? Eg tek gjerne imot både bilet og helsingar. Det kan vera eit «puff» for dei som går for lite eller ikkje går på søndagsskulen, kven veit? Iallfall skal vi ikkje vera redd for å gjera folk kjent med at det er søndagsskule, borna sine «gudsstenester», som det er sagt og foreldra bør gjera det dei kan for å få borna til å gå der. Men vi tek også gjerne imot stoff om yngreslag og barnelag etc. i bladet. Det gjeld jo ikkje minst å gjera kjent for foreldra at det finst slike gode tilbod for borna. I Vaksdal er borna flinke til å koma på barnelag, korleis er det andre stader?

Det kunne vera at litt eldre menneske har nokre gode barndomsminne som dei fekk hug til å dela med andre. Eg kunne eventuelt hjelpe til med utforming og rettskriving der som det var eit ynskje.

D. L.

Dronning Mauds Minne, en bønnhørelse

Det kan ikke karakteriseres som noe mindre enn en bønnhørelse at Barneverninstittutet Dronning Mauds Minne har fått fortsette som en selvestendig utdanningsinstitusjon på vår kirkes grunn. På forunderlig vis har forholdene lagt seg til rette, et ønskverdig samarbeid med myndighetene, en hjelp — ofte i aller siste liten — med de til dels store økonomiske problemene, en styrking av skolens kristne posisjon i vår kirke, en økende faglig bredde i tilbuddet til studentene både på utdannings- og etterutdanningsområdene, og en overveldende stor sökning til denne pedagogiske høyskolen i barnehagelærerutdanningen.

I dag har instituttet over 375 studenter fra alle landets kanter, ungdom som skal gå inn i arbeidet for den oppvoksende slekt. Dagniusjonene trenger skarer av pedagoger i årene framover, både for menighetsorganisasjons- og kommunalt drevne.

Vi vil gjerne gi en utdanning på vår kristne kirkes grunn, og ber om støtte fra våre mange gamle og nye venner. Den sterkeste makt er åndsmakt, og vi ber om forbedere for Dronning Mauds Minne. Hjertelig takk også for økonomisk hjelp. Vi klarte i fellesskap startfasen. Nu går vi videre!

Thor With

Styrets formann

P.S. Vi trenger Deres støtte

Bankgiro: 4200.07.76097

Postgiro: 2 22 87 16

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell; 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese & Co. Trykkeri

5610 Øystese. — Tfn. 55045

Vi kan difor ikkje forsvara ei «oppeseding til ateisme» jamvel om det er foreldre som går inn for dette og jamvel om det høyrest tolerant ut å forsvara slikt. Ei slik oppeseding er vel likevel ikkje ynskt av so mange foreldre. Det er kombinasjonen av ideologisk einsretting og statleg makt som står bak slik oppeseding som vi har i store luter av verda. Her er sterke ideologiar i verda som har lite respekt for foreldrerennen. So kan det skje at barn blir tatt frå kristne heimar og sendt på ateistiske barneheimar for at dei kan få den rette «hjernevask».

Ateistisk påverknad er det mykje av i dag og alle foreldre skulle vera på vakt mot slikt. Når det gjeld alle dei døypte borna har kyrkja grunn til å minna om at ein ved dåpen seier nei til slik ateistisk påverknad, men ein seier også nei til eit «nøytralitets-syn» i oppesedingsspørsmål. Kyrkja får ved dåpen ein rett til å gje borna kristen påverknad. Dette er eit slag «dåpsrett» som ein kan ta attende, men ein gjer rett i å tenkja over at dåpen ikkje kan isolerast frå den debatten som gjeld borna og oppesedinga av borna. Dåpen er jo eit vitnemål om at ein ynskjer at borna skal høyrer til. Difor ville det vera merkeleg om vi skulle dryfta til dømes innhaldet i skulen og barnehagane som om det ikkje tel med at dei fleste borna er døypte born. Eg trur nok at dette faktum skulle føra til at dei fleste av oss seier nei til all anti-kristeleg påverknad. Men vi burde heller ikkje gje dei døypte borna ei «nøytral» oppeseding.

D. L.

Borna og foreldrerennen

Med «foreldrerennen» meiner vi at det er foreldre som har fått ansvaret for borna og retten til å oppdra dei, ikkje samfunnet, men samfunnet kan hjelpe til med dette når foreldra ynskjer det. Samfunnet gjev til dømes gjennom den offentlege skulen borna kunnskap om mange ting fordi foreldra ynskjer at dei skal få slik kunnskap. Med ordet «foreldrerennen» vil ein berre slå fast at samfunnet ikkje kan ta oppesedingsansvaret frå heimen slik det i dag blir gjort i mange land med statleg einsretting.

Men «foreldrerennen» tyder ikkje at foreldra kan gjera som dei sjølv vil med borna sine. Det kristne synet er at vi alle er skapt av Gud, og difor er det berre Gud som eig oss, og «Guds rett» kjem inn som eit korrektiv til alle andre rettar. Og Guds rett er hans rett over alt det han har skapt. Foreldra får sjølv velja korleis dei vil oppseda borna sine, men med dette fylgjer det også ansvar for han som har skapt oss.

NÅDEGÅVER og FRELSE

I dette nummer er det teke med ein annonse med innbyding til møter om den Heilage Andens gjerning i liv og teneste.

Den Heilage Ande kom til verda med eit hovudføremål: å føra oss til Kristus. Vi kan ikkje koma til tru på Kristus utan Andens hjelp. Dette er då det vi skal be mest om i alt som har med Anden å gjera, at han må føra menneske til tru på Kristus. Den Heilage Ande syner deg di synd og syner deg Kristus som frelsar.

På pinsedagen skjedde det mange underfulle teikn, til dømes tungetale. Det var eit teikn frå Gud på at evangeliet om Jesus skulle forkynnast for alle folk og slektar. Dei mange ulike språk er eit døme på forvirringa i verda og isolasjonen mellom menneske. «Språkunderet» på pinsedag varslar om det Guds rike som kjem, der skal det ikkje vera forvirring, der skal det vera einskap mellom frelse menne-ske.

Men kva var det største som skjedde på pinsedag? Apostelen Peter tala med eldhug og varme, og stort frimod, også det eit verk av Anden. Men det største må likevel vera at så mange fekk «styngen» i hjarta då ordet om krossen vart forkynt og så fekk dei sjå og tru at han som dei før hadde vist bort var Frelsar og Herre. Dei kom til tru på Kristus. Det var det største.

Vi må ta imot all den utrustning og krafta vi kan få, men lat oss ikkje gjera dette til det største i Guds rike. Lat oss be om nådegåver og kraft frå den Heilage Ande, men den bodskapen som vi skal tena må alltid

vera den same, det er bodskapen om Kristus som bar våre synder opp på treet til frelse for kvar den som trur.

D. L.

Reisetankar

Kanskje det høver å senda helsing gjennom kyrkjebladet til alle desse som Olav Leiren og eg fekk bu hjå og elles besøkja i U.S.A. og Canada, og litt reisetankar elles. Dei aller fleste der borte var utvandrarar fra Stamnes for 25-30 år sidan, og mange skulde det vera som hugsar Anna og Håkon Leiren no busett i California. Dei som var skuleborn i Stamnes for 30 år sidan hugsar også deira born. Hall — Mildred — Terje og Bjørn Dag. Desse er spreidd frå heimen i kvar sitt yrke, vil også takka for kjøring og omvisning i by og land, og ei gjestmilda som aldri vil gå or minnet. Tenkjer også her på Margot og Hagny og Maria Kulshamar mori. Ja kva var vel ei joletrefest i Stamnes utan tonefylgje av fela til Marie? Gjennom si barnetru hadde alle meir eller mindre funne fram til si eigi kyrkja der borte. Alle desse var døpte i Stamnes Kyrkja og tildels konfirmerte der. Heilorsk Gudsteneste i Sjømannskyrkja i den store havnebyen San Pedro tek ein også med. Elles trefta ein gjerne norsktalande folk kva kyrkja det var, men 14 dagar gjekk snart. Etter 3 dagers kjøretur Calif. Oregon, og stopp 3 dagar hjå Terje Leiren i Seatle Staten Washington, bar det over den Canadiske Grense til Vancouver. Provinsen British Columbia etter 3 dagar hjå Hall Leiren og Halstein Tøsse. Tog frå Vancouver til Edmonton Provinsen Alberta. Var ein del spent på kor den

vetle byen Camrose såg ut frå år tilbake, me hadde nok forandra oss både byen og eg til kvar sin kant. Dei koselege husi me leide den tid, var borte til fordel til større forretningsbygg, arbeidskameratane var døde eller flytt der frå, men alle desse 4 Leirens me vekselvis budde hjå, var just dei same som tidlegare. Ja det var gildt med heimekos, og kjøreturar i denne vakre provinsen som ein delvis følte ein var på heimebane i. Kyrkja som me av og til brukte å gå til var i millomtidi brunne ned til grunnen, men ei ny vakker kyrkja var vakse fram frå oska som ein fugl fönix. Vertskapet vårt var mykje aktive medlemmar i kyrkja, og den sundagen me var til Gudsteneste der trefta å vera Morsdag, og mykje ekstra i denne anledning, vakker sang og musikk med klokkespel.

14 dagar gjekk so altfor fort, og det bar til New York til Ingebjørg og Tolli Bogetveit. Ved innflygningen til flyplassen der, vart eg var ein flombelyst statue ved innseilinga til New York havn, og det eg ante bekrefta ein tilfeldig sidekamerat som ikkje budde langt unna. Det var friheitstatuen. Tankane gjekk tilbake 25 år tidlegare då kona; eg og småguten var på veg til gamlelandet sjøveien og fekk sjå denne statuen på nært hold, men tankane rakk ikkje langt før ein hadde den fargesprakande Mannhatten under seg, men etter ein kom heim og hendingar passerte revy i meir langsom kino kom denne stytta meir i minnet. For meg og fleire virka denne som ein Kristusfigur, med høgge handi peika mot himmelen. I fylgje leksikon er det ei gåva frå det franske folk år 1888, og der står også at hovudet av figuren rommer 40

personar. Kanskje vedkomande som laga denne tenkte på fred mellom nasjonane, men også Kristus med fred til det evige liv. Når ein då tenkjer på at sinnet vert gjerne meir opptekne med ein by i vakre fargar, og gjerne gløymer denne himmelske vegvisar, so hev dette adressa til nokon kvar av oss, men med all respekt for dei tekniske framskritt til fredelege formål. FN bygningen må ein også taka med. Ei mørkhuda kvinna viste oss rundt og det er vel å merka seg innskrifti på ein stor vegg med store bokstavar frå Esaias 2,4. Då skal dei smia sverdi om til hakkar og spjoti sine til hageknivar. Folk skal ikkje lenger temja seg opp til krigsferd. Nevnte dama viste oss ein av hovedsalane og nemnde at det var Nordmannen Per Krogh som hadde måla det store frontmaleriet der, og elles at Norge hadde avgjerande betydning for det øvrige interiør. Ja då var det gildt å vera nordmann, ein var ikkje akkurat då Lasse-liten i folkehavet, unødig beskjedenhet gjorde vel at ein ikkje nemnde at me var frå lille Norge, dette spesielt då ho spurde om me hadde noko på hjarta.

6 timars kjøring og to dagar stopp i hovedstaden Washington var der mykje av interessa ved rundkjøring, men innskrenka meg her til å nemna den store kyrkjegården der den kjente og ukjente soldat er jordfesta etter to verdskrigar. Tanken kom inn på livet, om smerte, lidelse og sorg, men tanken stoppa opp der med ein inderleg takknemmelegheit som saman med andre nasjonar miste livet for at me i lille Norge saman med andre land har levt i fridom over 30 år.

Anders Kaastad.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, telefon 2421 Fra Til
Måndag, tysdag,
onsdag og fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, telefon 3605
Tysdag og fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.00

STAMNES, telefon 8015
Måndag 9.30 14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING
Dalekvam**

**Vaksdal koop. Handelslag
V A K S D A L**

Telefon : Kontor 3712. Snarkjøp 3710,
Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN %

Tlf. 2240 DALKEVAM

R A D I O — T V

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal

KVIKKBAR

Dalekvam

Tfn. 2161 — 2112

**Vet du ikke at
du er rik!**

**Vi innbyr og ønsker
velkommen til**

*Samlingsdager på Den norsk Kirkes
grunn om Den Hellige Ånds
gjerning i liv og tjeneste*

**16.—18. november i Grieghallen
Åpningsmøte i Domkirken —
Bergen fredag 16. nov. kl. 19.00**

Hovedtalere: Sokneprest Hans Grydeland, Generalsekretær Kjell Grønner, Hovedprest Hans Chr. Lier, Domprost Nils Monstad, Studentprest Olav Garcia de Presno, Evangeliseringssekretær Øistein Garcia de Prensno, Sokneprest Reidar Svenn.

Hovedemner:

Gjør bot! — Hvor står vi - hvor går vi — Faderens løfte - Den Hellige Ånds gjerning — Utrustning til tjeneste — Seminarer — Lovsyng Herren — Størst av alt er kjerligheten — Dere skal være mine vitner — Jesus og hans herlighet.

Ikke et dumt spørsmål forresten.
Det er klokt å søke etter kilden til opplysningen. Og jeg fant den senere.
Det var Guds gode Helligånd som ga henne lys over det skjulte.

Frelsesveien er lagt så lavt at den mest enfoldige kan finne fram. Men også de skolerte, når de i ydmukhet bøyer seg inn under Guds tanker. Mange av Guds barn og Bibelens personligheter hadde en høy ånd.

Jeg har lyst å avslutte med et vers av Blix, salme nr. 426, annet vers:

*Det som i Guds hjarta låg,
det som ingen skapning gædde,
Det som ingen tanke nådde,
Det som inkje auga såg,
Det som ingen vismann visste,
Det som ingen klok kom på —
Synte Herren på det siste,
Fyre sine arme små.*

J.B.H.

Bladpengar til Kyrkjebladet

motteke frå 1/1-79 til 31/8-79.

Dale	kr. 4.180	= 50 % av tingarane
Vaksdal	» 2.875	= 63 % » »
Stamnes	» 1.990	= 53 % » »
Bergsdalen	» 280	= 93 % » »
Flatekval	» 270	= 79 % » »
Nesheim	» 265	= 83 % » »
Utanbygds	» 320	
Ialt	<u>kr. 10.180</u>	= 55 % av tingarane

*Med helsing og takk.
Kasseraren*

Minneord

«Våkn opp, du som sover, og stå opp
fra de døde, og Kristus skal lyse for
deg.» Ef. 5,14.

«Den som tørster, han kommer, og den
som vil, han ta livsens vann ufor-
skyldt.» Joh. Ap. 22,17.

Åpenbart for de umyndige

Jeg skulle se til en pasient i en privatheim og kom midt i en åndelig samtale om det skjulte liv i Kristus. En vanlig husmor hadde ordet, var ikke av de skolerte, hadde bare folkeskolen. Hun tok et bilde fra menneskelivet som på en levende måte illustrerte nevnte emne.

Det jeg minnes best fra denne dagen var min egen reaksjon. Jeg tenkte presis det samme som de lærde undrende spurte om tolvåringen i templet: Hvor har han sin lærdom fra?

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

Dale:

Sissel Marås, f. 16.5.79, døypt 9.9.

Lise Kristin Ragnvaldsen, f. 23.5.79, døypt 9.9.

Renate Hagen, f. 24.4.79, døypt 9.9.

Trude Karin Faugstad, f. 5.6.79, døypt 30.9.

Vaksdal:

Jøran Roti, f. 19.6.79, døypt 16.9.

VIGDE:

Dale:

Egil Johan Aadland og Halldis Pil-skog, vigde 7.7.79 i Fana kyrkje.

Harald Brekkhus og Åshild Berg, vigde 8.9.79.

Thor Johnsen og Guri Hoftun, vigde 5.10.79 i Voss kyrkje.

Vaksdal:

Geir Olav Toft og Marit Irene Tolås, vigde 7.9.79.

AVLIDNE:

Dale:

Thomas Olsnes, f. 15.1.1923, død 16.9. 79, gravlagd 22.9.

Velkommen til kyrje

Helgemesse-sundag, 4. november:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Loft-hus. Nattverd.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Familieguds-tjeneste ved sokneprest Steinnes. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Offer til Kirkens Nød-hjelp.

23. sundag etter pinse, 11. november:
Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd. Offer til soknerådet. Korsong. Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Loft-hus. Offer til Bibelselskapet.

24. sundag etter pinse, 18. november:
Stamnes kyrkje kl. 18.00. Sokneprest Steinnes.

Flatekval kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Siste sundag i kyrkjedret, 25. november:
Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Loft-hus. Nattverd.

Eidsland kyrkje kl. 17.00. Res. kap. Loft-hus. Korsong.

Voss Samvirkeleg

Avd. 14 — 5294 Eidslandet

Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

Hausvik og Faugstad %

Vaksdal

Telefon 3603

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Dale Fabrikkutsalg

5280 Dalekvam
Tfn. Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere